

KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLADE FOR ASTRHEIM SOKN

Nr. 03- 2015 Torsdag 26. mars 44. årgang

Neste nr. av KB kjem ut 07. mai 2015

Nytt stoff innan: 21. april 2015



VÅR I LUFTEN

Kyrkjekesyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Elbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90, faks 56 16 72 91

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheim.kyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest:	Trefftid etter avtale
Kyrkjeleverje:	Tysdag – fredag kl. 10 – 14
	Utanom dette etter avtale

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeleverje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Svein T Villanger,
Redaksjon:	Eli E Daae, Øystein Soldal, Jorunn Kårdal,
Bankgiro:	3490.07.04196
E-post:	kyrkjeba@online.no
Adresse:	5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Palmesøndag 29. mars kl. 19.30

Påska i ord og tonar
(sjå eige kunngjering)

Langfredag 3. april kl. 19.00 Merk tida

Gudsteneste
Per Børge Hillestad
Jostein Hauge

1. påskedag 5. april kl. 11.00

Festgudsteneste i høve kyrkja sitt
150 årsjubileum

Biskop Halvor Nordhaug og
Prost Geir Sørebo
Sokneprest Per Børge Hillestad
Organist Jostein Hauge, fleire deltek med
song og musikk.
Tirilltunga barnekor
Dåp
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali
Etter gudstenesta er det jubileumsfest på
Samfunnshuset.
Obs påmelding til middagen – kunngjering i
dette KB

Søndag 26. april kl. 11.00

Undervisnings og lovsangsgudsteneste
Per Børge Hillestad

Jostein Hauge
Forsangergruppa
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Selsøy 8. mai

Sjå eige kunngjering

Nattverdglede er påskeglede

”Dette er Jesu lekam”. ”Dette er Jesu blod”. Det var sterkt å setje seg ned blant oliventrea i Getsemanehagen og feira nattverd. Der i området hadde Jesus vore i fortviling og kamp. Sveitten rann som blod. Det var påske, og Jesus hadde nett feira nattverden saman med disiplane sine. Og dei vart oppmoda til å fortsetje å feire nattverden når dei kom saman: ”...kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg”.

Det er flott å feire nattverd! Me har lett for å tenkje nattverden utelukkande som ein stad for bot og vedkjenning av synder. Nattverden er det, men han er like mykje eit festmåltid! I måltidet møter Jesus oss som den oppstadne, han som går saman med oss og gir ny kraft og nytt mot. Mot til å gå ut i kvardagen og med frimod leve vårt eige liv og livet saman med andre. Også livet som disiplar av Jesus. Bruk nattverden!

Når du vedkjenner Jesus som Frelsar, då skal du frimodig ta imot nattverden. For Jesus sjølv oppmoder deg og meg til å bruke nattverden ofte. Og då bør verken du eller eg diskvalifisere oss sjølve for å ta imot han. Når både tvilaren Tomas og svikaren Judas fekk ta del i nattverdmåltidet saman med Jesus, då skal også me ha frimod til sjølv å vere med i måltidet og møtet med Jesus, i det me får høyre orda til oss: ”Dette er min lekam, gjeven for deg. Dette er mitt blod, utrent for deg”.

Bruk nattverden sjølve, ta andre med, og lær også barna og barnebarna å bruke nattverden. Arbeid på å få nattverdglede! La festmåltidet få vere mat for ditt åndelege liv saman med lesinga av Guds ord og bøna i Jesu namn. Nattverdglede er påskeglede, fordi då feirer me og gler oss over Jesu forsoningsdød og oppstode. Og denne gleda ber vi med oss uavhengig av årstid. Det er nemleg nattverds- og påskeglede året rundt! Og idet me har motteke nattverden, lyder orda kvar gong til oss: ”Fred vere med dykk” - Jesu eiga helsing til oss.....

Velsigna påske! Sørg for at du får del i nattverdgleda ved å jamleg ta del i nattverdmåltidet. Herren Jesus ventar på å få møte oss der.



Kyrkjebøkene i Austrheim

Døde:

13.01.15	Rolf Austrheim	f. 1940	Busett Stavanger
13.02.15	Grethe Bjørg Haugsdal	f. 1942	
23.02.15	Johannes M. Hope	f. 1926	
28.02.15	Ingve Fonnes	f. 1944	
02.03.15	Astrid Sætre	f. 1921	



Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2015

Leveringsfrist

KB kjem ut

Nr. 4/15	21. april	7. mai	(17. mai stoff)
Nr. 5/15	2. juni	18. juni	(siste før ferien)
Nr. 6/15	11. aug.	27. aug	(første nr. høsten 15)

Takk

Hjertelig Takk

for blomster, helsingar og deltaking ved
vår kjære Mor,
Berit Mathilde Brügger Tresnes
si gravferd.
Ei spesiell takk til Nordliheimen for god
pleie og omsorg.

Helsing Kurt og Kari med familier.

Hjartelag takk

til alle som hugsa meg på 90-års dagen!
Eg verdset både at de kom og helsa på
meg, ringde og sende
blomehelsingar.
Det vart ei fin markering og ein god dag.

Beste helsing
Odd Bergsvik

Vår varmeste takk

for all vennlig deltakelse og omtanke,
blomsterhilsener og minneord i
forbindelse med vår kjære sønn, bror,
svoger og onkel Frode Strømsnes sin
plutselige bortgang og begravelse.
Tusen takk til bidrag til Fana Fotball.
En spesiell takk til Marit Hope ved
Vatne Begravelsesbyrå, prest Harald
Sundsbø, organist Jostein Hauge og
nydelig sang av Lisbeth Morken.

Takk til lege Peter Kubon.

En varm takk til alle som deltok på
minnesamvær i Austrheim samfunnshus,
det gjorde avskjeden med Frode til en
minneverdig stund for oss.

Hilsen Laila og Rune, Vidar og Gry Hege
med familie





LERVÅG BEDEHUS

MØTER

Skjærtorsdag 02.04. kl 11:00 Møte m/ Frelsesarmèen
Bergen 1.korps: tale v/major Flemming Baunø

Onsdag 08.04 kl 19:00 Årsmøte i Menigheten Betania Lervåg

Søndag 19.04 kl 19.00 Møte: Geir Talberg taler

Onsdag 22.04 kl 19:00 Israelsmøte m/Arvid Bentzen

Søndag 03.05 kl 19:00 Møte m/ Bergen Kontaktsenter

UTLODNING

Fredag 17.04 kl 18:00 Utlodning til inntekt for LERVÅG BEDEHUS

Sang - musikk - andakt - åresalg - kaffe – kaker

UNGDOMSKVELDER

Fre.10.04 kl 19:30 - 22:30 Fre.24.04 kl 19.30 - 22:30

Temakveld på Litlås bedehus mandag 20.april kl.19.00

"Med Jesus som førebilete" som hovedtema vert det arrangert fleire temakveldar i løpet av året.

Vi startar med eit felles kveldsmåltid
Undervisning og samtale

Velkommen til ein spennande kveld!

Arr.: Austrheim Sokneråd

Med *Jesus*
som førebilete



Hei!
Kaffi og lokalpolitikk

Uformell prat om notid og framtid for
kommunen vår.

Bli kjent med vår nye leiar og
ordførarkandidat, Jan Erik Espelid.

Kommunehuset, 9. april kl. 19.00.

Arr: Austrheim Venstre i samarbeid med
Nordhordland Unge Venstre.

Alle er velkomne

Årsmøte for Austrheim Frilyndte ungdomslag

Torsdag 9. april 2015 kl 19:00
i Austrheim kystbarnehage.

Saker til årsmøte må være styret i hende
innen 28. mars 2015.

Kan også sendes på mail:
kjhope@broadpark.no

Glimt fra kirkearbeidet i perioden 1986 – 1996

Som prest i Austrheim 1986 – 1996, ser jeg med glede tilbake på 10 gode og begivenhetsrike år, både for meg og for familien min.

Austrheimsbygda var en god bygd å være prest i!

Jeg satte stor pris på møter med enkeltmennesker på deres hjemmebaner. Jeg tenker på dåpssamtaler i heimene, samtaler i forbindelse med ulykker og død. Da var livet ekte og nært, både for prest og for familiene.

I den forbindelse må jeg også nevne samarbeidet med helseetaten og lensmannsetaten. Gjennom mange år kom vi til å stå hverandre ganske nært, noe jeg tror alle parter nytte godt av.

Så tenker jeg også tilbake på samarbeidet med skolene og barnehagene med glede.

Vi hadde kontaktpunkt på alle alderstrinn og jeg opplevde meg velkommen og inkludert overalt.

Og så må besøkene på Nordliheimen nevnes. Ukentlige andakter og mange andre oppdrag var en viktig del av kirkearbeidet som jeg tok del i.

To store begivenheter knyttet til de ytre rammene i menigheten, skjedde i disse årene. Det dreier seg om husene.

I 1986 var det stor flyttesjau i kirken. Benkene skulle ut, nytt gulv skulle legges og benkene skulle inn igjen. Rikelig anledning til dugnad og fellesskap, selv om selve gulvleggingen var gjort på anbud.

Noen år senere skjedde det mest synlige arbeidet i kirken. Det var paneling av veggene og maling av vegger, tak og benker. Vi måtte gå en runde med kirkelige myndigheter, som ville at vi skulle beholde de bløte platene på veggene, mens vi ville ha nytt panel som vi ønsket å lasurere i en varm farge. Det ble slik vi ville, men kompromisset var at vi skulle beholde platene under brystningen. Jeg mener å huske at dette arbeidet var ferdig i 1990.

Jeg er blant de som syns det ble veldig fint og ga et godt rom å være i.

Og jeg ser tilbake på utallige gudstjenester i dette vakre kirkerommet. Det var det alltid flott å ta del i! For ikke å snakke om alle konsertene, med Helgaljod, Austrheim songlag og mange andre.

Som om ikke fornying av kirken ga nok dugnadsarbeid ”arvet” vi i 1988 Austrheim skole til kirkelig arbeid og annet kulturelt arbeid. Soknerådet skulle stå for driften og kommunen for vedlikehold. Men oppussingen skulle soknerådet stå for.

Klasserommene ble pusset opp og var klare til bruk for foreninger og lag.

Her kom de på plass, både Kyrkepjrydnad, Hagelaget, Trekkspillklubb, Husmorlaget og Kjerringrokken, bare for å nevne noen.

De kirkelig ansatte fikk sine kontorer i det gamle lærerværelset og Kyrkjebakken fikk eget redaksjonskontor med Mac!

Det største forandringene fant sted i gymsalen og garderobene. Ribbeveggene ble auksjonert bort, gymbenkene finnes nok fortsatt rundt om i bygda, noen av krokene til å henge klærne på er på hytten min, mens resten henger der de alltid har hengt.

Garderobene ble omgjort til kjøkken og godt utstyrt. I selve salen ble golvet slipt og lakket. Nye gardiner kom opp, stoler og bord ble innkjøpt, sofaer og sofabord arvet vi fra Lindås hotell(?), ja, til og med biljardbord kom på plass!

I gymsalen kom ungdomsklubber i gang igjen. Den hadde levd en omflakkende tilværelse fra Meieriet til Kanserdalen, men fikk nå gode lokaler på Kykjelydshuset. Konfirmantundervisningen ble flyttet ut fra skole og skoletid og ble lagt til kveldstid her på Kyrkjelydshuset. Det ga et mye tydeligere preg på konfirmanttiden som kirkelig arbeid. Undervisningen var i gymsalen og vi hadde alltid avslutning av kvelden i koret i kirken. Flott!

Soknerådet hadde da som nå en sentral rolle i tilrettelegging av rammene for alt det kirkelige arbeidet i soknet, og for å fylle det med innhold.

Jeg ser tilbake på et fantastisk rikt og flott arbeid i soknerådet med kreativitet og trofasthet.

Og ikke mindre ser jeg tilbake på samarbeidet og fellesskapet i staben med stor glede.

Dette får være mitt lille bidrag til historien fram mot 150 årsjubileet for Austrheim kirke.

Jeg takker for meg og ønsker Guds rike velsignelse både over jubileet og over videre arbeid i Austrheim kyrkjelyd!

Vennlig hilsen
Jan Ulveseth



Til Salgs

3 roms leilighet til salgs i Sætremarka Borettslag.

Ta kontakt med:

Hildborg M. H. Austrheim, mobil: 99325652
Aashild Helene Hedstrøm, mobil: 93253736

Fotpleie

13. april
11. mai
8. juni
29. juni



Kontakt Asbjørg Lohne 918 07 436



BASAR Litlås bedehus

Basar fredag 27. mars kl 18.

Andakt, servering av mat,
åresal,tombola og barnelotteri.

Kom og ver med på ein
hyggeleg kveld!!

Søndagsskole Årås

Datoene for våren:

12. april
10. mai

Sted: Årås Bedehus.
Tid: kl 11.00.

Søndagskolelærer; Hanne Daae
medhjelper Ramona Monslaup.

Vel Møtt.

Årås Bedehus

- Søndag 29. mars.** Formiddagsmøte 11:00. Leiv Nesheim talar. Nattverd.
Søndag 12. april. Formiddagsmøte 11:00. Audun Hjellvik talar.
Tirsdag 14. april. Bibeltime v/ Helge Keilegavlen, 19:00
Søndag 26. april. Formiddagsmøte 11:00. Reidun Skurtveit talar.
Tirsdag 28. april. Bønnesamling 19:00

Meir info finn du på: www.austrheimindremisjon.no
Alle er velkomne til samlingane.

Informasjon frå årsmøte i Austrheim idrettslag 17.2.2015.



Styret i AIL i 2015:

Leiar	Asbjørn Brandtun	92827195
Nestleiar	Terje Håland	95442744
Økonomi	Jorun Hovda	98680792
Medlem	Ingvill Leirvåg	41201814
Medlem	Sjur Brandtun (idrettsleiar 1 fotball)	95273062
Medlem	Ayna Camilla Budal Soltveit (idrettsleiar 2, gruppene unntatt fotball)	48052348

Kontaktpersonar for aktivitetsgruppene:

Fotball	Sjur Brandtun	95273062
Fridrett	Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	47252550
Boccia	Elsa Skare	97747596
Turn/knøttettrim(1-4år)	Anette Brugger	98639847
Turn (4-8år)	Mariell Sundfjord	99256978
	Linda Brandtun	92638493
Aerobic	Rakel Fanebust	90648502
Basisball	Camilla Sårheim Haugland	95859547
	Linda Brandtun	92638493
Klatring	Ayna Camilla Budal Soltveit	48052348
Styrkegruppa	Sjur Brandtun	95273062

Medlemskontigent for 2015

Familier	kr.2000	Austrheimcupen 2015 er lørdag 6, og søndag 7 juni.
Vaksne (over 19år)	kr.1200	
Ungdom(11-19år)	kr.800	Austrheimløpet 2015 er søndag 14 juni.
Barn(4-10år)	kr.600	
Støttemedlem familie	kr.600	Styret i AIL
Støttemedlem	kr.400	www.austrheim-il.no
Honnør	kr.400	e-post: austrheimil@gmail.com

Austrheim kyrkje 150 år.

Austrheim kyrkje fyller 150 år i år, og Austrheim kommune gratulerer med jubileet. Kyrkja vår er ein samlingsstad der me møtes i glede og sorg, til fest eller i meir tunge og krevjande stunder. Slik har kyrkja stått der i 150 år til glede, nytte og trøyst for mange generasjonar og slik ønskjer me at ho skal stå og vera til nytte for komande slekter og generasjonar.

For nokre år sidan gjorde ein bussjåfør meg merksam på kor fin kyrkja, gravplassen og området rundt eigentleg er. For meg hadde synet av kyrkja vorte vanleg og kvardagsleg, men ein tidleg morgen fekk altså ein bussjåfør meg til å sjå på kyrkja vår med nye auge. Eg vart stolt over det eg såg og stolt av det arbeidet som vert lagt ned kvar dag for at kyrkja og gravplassen skal stå fram som det flotte anlegget det eigentleg er.

I jubileumsåret håpar eg at mange vil finna vegen til kyrkja og får kjenna den gode og fredfulle atmosfæren i kyrkja. Lukke til med jubileet.

Beste helsing
Per Lerøy

UTSTILLING

I samband med kyrkja sitt jubileum har Austrheim sogelag og soknerådet gått saman om ei utstilling på Kyrkjelydshuset.


Her vert det utstilt gamalt interiør frå kyrkja, det vert gamle Biblar og salmebøker.
Plansjar som var nytta i skulen ved Kristendomstimane
Utstillinga vil opna 24. mars og vil stå til godt over påske.
Håpar privatpersonar, skuleklassar, dei eldste i barnehagane og andre lag vil stikka innom.

Opningstider vil bli kunngjort ved plakatar, avisene og www.austrheimkyrkja.no

Austrheim sogelag og Austrheim sokneråd

Trusopplæring i Austrheim

Kvart år deler me ut bøker til 4-åringar, 2.klassingar, 5.klassingar og konfirmantane. Dette er ein del av trusopplæringa, og me håpar at bøkene blir godt tatt i mot. Austrheimkyrkja sender ut invitasjonar til å delta på både samlingar før gudstenesta, og sjølve gudstenesta der ein får delt ut boka. Her er bøkene som vert delt ut:



Her er fireåringane stolt og glad for at dei har fått boka si. Fireåringane blir invitert til ei samling på laurdag, og så til søndagsskulens dag dagen etter. På laurdagsamlinga blir vi kjent med kvarandre, og med kyrkja. Her løysr me oppgåver, får høyre bibelfortelling, sjå litt i boka dei skal få, og kanskje dei til og med får spele litt på orgelet. Denne helga i oktober er det fullt opp med trusopplæringstiltak for borna. Vi startar fredag med pyjamasfest for 3-åringane, så samling for 4-åringane laurdagen, før det blir søndagsskulens dag på søndag.



Her er Nils Arne Lavik i full sving med å vise bevegelser til songane på fireårssamlinga. Det var ei kjekk stund som me hadde i kyrkja.

Fireåringane er gjerne med og hjelper til med samlingsbøna. Det er godt med gode medhjelparar som kan vise bevegelsane.



Her er 2.klassingane med og har preika på gudstenesta. Dramatisering av palmesøndag der Jesus reid inn til Jerusalem på eit esel.




I 5.klasse får alle utdelt bibel frå kyrkja. Dei får lære litt om kva bok bibelen er, og korleis den er bygd opp. Det er faktisk 66 bøker i bibelen, og det er nok derfor orda bibel og bibliotek har samme opprinnelse. I 6.klasse vert dei invitert til å komme i kyrkja og overnatte. Natt til første søndag i advent er det Lys vaken - adventsnatt i kyrkja.



På konfirmasjonspresentasjonen får konfirmantane heftet "Kristuskransen", og dei får kvar sin kristuskrans. Gjennom året er undervisninga knytt opp til perlene i kristuskransen. Her får dei og brukta for bibelen som dei fekk i 5.klasse.

Gudsteneste for alle

13.02 hadde me Gudsteneste for alle i kyrkja. Olav Sætre fylte 61 år den dagen, og søstera hans, Anny, hadde baka slik at det vart ei lita feiring.



Rune deler ut nattverd med
Per Børge.

Olav 61 saman med Jan Roald



Kosar oss med kaker frå Anny



Besøk frå Radøy



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldt bord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knütter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SÅMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opp til 7,5 tonn
- Registrering
- Reparasjoner
- Servicer intervall
- A/C/klimaservice
- El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
- Glassklinte og rep.
- NB! Vi gir rep. tilbud
- Alt innen dekk

Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler før hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende underspylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polerung = 9 min
- Hver 6. vask gratis



Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handel
www.boschcarservice.no
E-post: fosbil@online.no



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



SKARSVÅG
Rør og Interiør as



Mini Frisørsalong



ønsker velkommen

til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling: Mandag, Tirsdag,

Torsdag og Fredag.

Onsdag er stengt

Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset*



*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35

RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirenseanlegg

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befering!
www.augustnorge.no



Panasonic varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

Biblioteket - opningstid

Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok!

SYMJEHALL

Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag

17-19 Familie/born

(foreldre med små
born vert prioritert)

19-20 Pensjonistar

20-21 Vaksne

Fredag

17-18 Alle

18-19 Alle

19-20 Alle

20-21 Alle

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-

Bassenget sine opningstider føl skuleruta

Annonse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt: 56 35 10 03

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

kl.08.30 - 15.00. Me svarar på

telefonen **08.30 - 12.00** og

13.00 - 15.00.

Utanom desse tidene

kun øyeblikkeleg hjelp.

Ingen reseptbestilling måndagar.

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:

56 16 20 49

Vestlia:

56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

Blåresept - vi har kompetansen!

Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert,
og som er godkjent på blå resept.

Kontakt oss

BANDAbutikken AS

Lindås Senter
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: post@bandabutikken.no
Nettbutikk: www.bandabutikken.no



Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!



Følg oss på [facebook/bandabutikken](#)

SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE
JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25
400 KR. PR.TIME
TIMEBESTILLING TLF.47957233
NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child vil på ny takka alle som støtta oss i kampen mot ebola. GHTAC har med dykkar hjelp send kr 100.000 til Metodistkyrkja i Liberia. No har vi fokus på vår opprinnelge plan om å bygge og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065



For meir informasjon sjå heimesida vår:

www.givinghope.no

Rolf Maurseth

Stine B. Karlsen Styreleiar Arne Lerøy
Styremedlem Styremedlem

Ole Moen Monika Thorpe
Forretningsfører Styremedlem.

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



Austrheim kommune

Markering av Friluftslivets år

I Austrheim har kommunen, saman med lag og organisasjonar, lagt opp til ei rekke arrangement i løpet av Friluftslivets år 2015.

Målet er å bidra til varig auka deltaking i friluftsliv, og gje auka merksemd om friluftslivet. Dette er ei nasjonal satsing der Miljødirektoratet er prosjektleiar. Du finn mykje informasjon på www.friluftslivetsar.no

I Austrheim legg ein opp til aktivitetar for alle aldrar, og her er både aktivitetar som er innarbeidde og her er helt nye aktivitetar. Det vil vera båt, sykkel og fotturar. Fullstendig oversikt med datoar finn du på kommunen si heimeside

www.austrheim.no

Alt vert marknadsfør på heimesida, noko kjem her i Kyrkjebakken, noko kjem på plakat og noko vert kanalisiert rett til målgruppa, t.d. ungdomsarrangement. Her tek vi med nokre av aktivitetane.



Nå er det din tur!



Austrheim kommune

Torsdagsturar - Kvar torsdag fram til og med 21.mai - oppmøte kl. 19.00 Austrheimhallen.
Eigen turvert som leier turen som går ca 60 min. **Arr: Folkehelsekoordinator**

Tur til Krossøygavlen - Torsdag 16.april kl.19.00

Ordførar Per Lerøy inviterar til opning av ny parkeringsplass og til tur på ny veg ut til Krossøygavlen. Ein lett og fin tur i flott kystruktur. **Arr: Austrheim kommune**

Gjennom Austrheim på sykkel, del 1 - Sundag 26.april kl. 10.00

Oppmøte ved idrettshallen på Mongstad. Turen går derifrå til Monslaupen og ut til Bakka og Straumstad. Derifrå vidare til Kjelstraumen. Lunch og «historietime» i Kjelstraumen. Hege byr på rimeleg og god mat, eller et matpakken din her. Etter kvile og mat går turen vidare til Kvalvågen og Stavesundholmen. På Mongstad, i Kjelstraumen og Kvalvågen vil vi få orietering og eit historisk innblikk i desse områda.

Arr: Folkehelskoordinator i samarbeid med fleire.

Gratis introkurs kajakkurs

Kurs 1: Torsdag 23.april kl. 17.00-20.00 Oppmøte i Mastrevikane (påmeldingsfrist 21.april kl. 12.00)

Kurs 2: Torsdag 21.mai kl. 17.00-20.00 Oppmøte i Mastrevikane (påmeldingsfrist 19.mai kl.12.00) Havsportkommunen Austrheim ynskjer å tilby innbyggjarane eit gratis introkurs i kajakk-padling. Ansvarleg: Nordhordland padleklubb ved Toril Marie Mulen.

Utstyr kan leigast/lånast. Begrensa antal plassar – Aldersgrense nedad: 12 år.

Påmelding: Austrheim servicekontor, tlf. 56162000 eller post@austrheim.kommune.no

Arr: Austrheim kommune og Nh-padleklubb

Fredsmarkering på Selsøy - 8.mai

Tradisjonen tru arrangerer Neptun pensjonistklubb fredsmarkering på Selsøy.

For meir informasjon om tidspunkt og skyssbåt syner vi til eiga marknadsføring.

Arr: Neptun Pensjonistklubb

Tur og quiz - Perioden 15.mai – 15.sept

Turløypene er naturleg nok opne heile året og dei vert mykje brukt. Frå 15.mai og t.o.m. 15.sept vil det henge plakatar med spørsmål på i fylgjande løyper: Utkilen, Gassneset, Vardetangen, Øksnesmarka, Krossøy, Holandsmarka/Steinalderstien. Ark til utfylling finn ein på www.austrheim.no eller ved å hendvenda seg på servicvekontoret på kommunehuset. Bruk turløypene som trim-arena og som sosial møteplass, og løys quiz underveis. Dette bør passe for heile familien. Det vert flotte premiar trekt ut blant dei som leverer rette svar.

Arr: Folkehelsekoordinator



Austrheim kommune

Verdens aktivitetsdag - Måndag 18.mai

På Seniorsenteret vert det som tradisjonen tilseier lagt opp til aktivitetar og turar, mat og song og musikk for seniorar i alle aldrar. Å delta kostar kr. 50,- pr. person, men då kan du til gjengjeld vinna fine premiar på startnummeret.

Arr: Pleie og omsorgsavdelinga, Frivilligsentral, folkehelsekoordinator, fysioterapaut, Austrheim vidaregåande skule v/BU og Austrheim eldreråd

Tur til Seteneset - Onsdag 20.mai kl. 18.00 - Oppmøte på Mastrevik torg

Dette er ein av Nordhordland turlag sine onsdagsturar. Turleiar: Øyvor Larsen (mob. 9532442).

Meir info her: <http://nordhordland.turistforeningen.no>

Pris: kr. 20,- for ikkje medlemmer og gratis for medlemmer i NH-turlag.

Arr: Nordhordland turlag

Austrheim ungdomsklubb - havsportaktivitetar i mai & juni

Tysdag og torsdag mai / juni

Når det vert varmare i veret trekkjer Austrheim ungdomsklubb ned på kaien i Mastrevik for å grilla og driva med havsportaktivitetar. Nordhordland dykkarklubb vil nokre dagar i mai ta med ungdommane ut på fisketur. Vert det fangst vert denne lagt på grillen.

28.mai Kl. 17.00-21.00

Ungdomklubben inviterer til familiedag som er open for alle. Mulighet for havsportaktivitetar og det vert sal av grillmat.

Arr: Austrheim ungdomsklubb

Opning av friluftsområde i Årvika - Lurdag 13.juni kl.13.00-17.00

Samarbeid mellom Bergen og omland friluftsråd (BOF), Fonnes bygdelag, grunneigar og Austrheim kommune har ført til at ein no kan opna eit av dei flottaste friluftsområda i Hordaland. Dette vert ein familiedag med aktivitetar, song og musikk.

Arr: Fonnes bygdelag, Austrheim kommune, BOF

Havsportveka 10.-16.august

Havsporveka har havsportaktivitetar som dykking, padling, kiting og mange andre ting
BKK Summer Camp - 10.-12. august i Årvika

BKK windsurfing og kite camp i Årvika - 14.-16.august

Padlesamling - 14.-16. august i Rongevær

Meir om arrangementeta på www.havsporveka.no. Kontakt post@havsporveka.no

Arr: Havsporveka v/Oceanordic AS



Austrheim kommune

Gjennom Austrheim på sykkel, del II - *Laurdag 22.august kl. 10.00*

Oppmøte Mastrevik kai. Turen går via Leikvoll og Solend til Hopland. Stopp ved Austrheim Kyrkje. Ein kjapp tur nedom Austrheim kai og derifrå går turen vidare utover Øyanvegen til Krossøy. Her vert det mulig å kjøpe fiskesuppe og få med seg arrangementet «I fiskarbondens rike» som er ein del av Kystsogevekene. Det vert korte historiske orienteringar underveis.

Arr: Folkehelsekoordinator i samarbeid med fleire andre

Tur til Hoplandskvernane - *Onsdag 26.august kl. 18.00.*

Oppmøte ved Fosnstraumen

Dette er ein av onsdagsturane til Nordhordland turlag. Turleiar: Olav Nordanger.

Meir info her: <http://nordhordland.turistforeningen.no>

Pris: Turane er gratis for medi. I Nh-turlag og kr 20 for ikkje-medl.

Arr: Nordhordland turlag

Familiedag i friluftsområdet i Øksnes - *Sundag 6.september kl. 14.00*

Vi legg opp til ein skikkeleg familiedag i Øksneset. Dette er også den nasjonale «Kom deg ut dagen». Mulighet til å teste havsportaktiviteter, det vert grilling og det vert bading, leik og moro.

**Arr: Austrheim kommune i samarbeid med Velforeninga i Dyrnes,
Rebnord og Øksnes, Austrheim ungdomsklubb og BOF**

Austrheim på tvers, del 2 - *Sundag 20.sept kl. 10.30 i Kvalvågen*

Del II går til Børilden med fottur rundt på denne veglause øya.

Les meir av turen her <http://nordhordland.turistforeningen.no>

Turleiar er Øyvor H. Larsen, mob. 99532442

Arr: Nordhordland turlag



*Det kjem fleire arrangement!
Følg med på:
www.austrheim.no*

NMS-Forum Nordhordland.

NMS-arbeidet har stått sterkt i Nordhordland. Mange har gjennom foreningsaktivitet, ulike ungdomskor og leiraktivitet fått både kjennskap og kjærleik til misjonsoppdraget, og til NMS-fellesskapet. Frå 1960 – til utpå 90-talet var aktiviteten i område stor. I dag er det foreningsarbeid, kyrkjelydsavtalar og butikkarbeidet som har størst fokus.

Områdeutvalet har teke initiativ til å etablera eit NMS-Forum i området. Tanken er å ha ei samling for semesteret i den nye Knarvik kyrkje, der misjon og fellesskap står i fokus. Dette er ikkje først og fremst eit forum for nye oppgåver og ansvar, men eit forum for inspirasjon og fellesskap om misjon. Tidelegare kormedlemar og leiraktive, forenings- og butikkmedarbeidarar, tidelegare tilsette, og alle som ønskjer eit fellesskap om misjon, er velkomne.

Første samling blir søndag 19. april kl 1800 i Knarvik kyrkje.

Kommunikasjonssjef i NMS, Sigurd Egeland har fått følgjande tema i tala over «Neste etappe – misjon i vår tid»

Eit, for anledningen, samansett kor «MonaSingers», syng

Det blir kvelds, quiz og «basar» og samlinga blir avslutta med andakt og kveldsbøn i kyrkja v/biskop Ole D Hagesæter. Kvelden blir leia av tidelegare Kamerunmisjonær og Ignisdirigent, Mona Rosvoll Bauge!

Det er med glad forventning arbeidsgruppa ønskjer velkommen til denne kvelden!

Fylg oss på facebook NMS-Forum

For arbeidsgruppa Kari Skår Sørheim

Program for fredsmarkering – Selsøy 8. Mai 2015

Kl. 09.30	Båt frå Baløy, Langøy og Krossøy
Kl. 11.00	Velkomst v/Neptun Pensjonistklubb
Kl. 11.05	Gudsteneste v/sokneprest Per Børge Hillestad
Kl. 11.40	Innslag v/gruppe frå Austrheim skulekorps
Kl. 12.00	Helsing og blomenedlegging v/varaordførar Helge Dyrkolbotn
Kl. 12.10	Vi syng "Ja, vi elsker"
Kl. 12.15	Tur til hytta Musikk v/koprsgruppa Matøkt på rastepllassen Skyss tilbake etter behov



**1. PÅSKEDAG 5. APRIL 2015
AUSTRHEIM KYRKJE 150 ÅR
STOR JUBILEUMSFEIRING**

Håpar mange tek turen til kyrkja og på fest denne dagen.
Etter gudstenesta vert det jubileumsfest med middag og kaffi på
Austrheim samfunnshus, alle er velkommen.
Dette er ein fin dag å kle seg i bunad for dei som har

P.g.a. matservering må vi ha påmelding til festen.

Påmeldingsfrist: seinast torsdag 26. mars

Pris kr. 200,- pr. pers (Familiepris: foreldre og born kr. 500,-)

Påmelding:

Ring Kyrkjelydskontoret tlf. 56 16 72 90


Send e-post: bodil.monslaup@austrheim.sokn.no

Brev til: Austrheim sokneråd, Austrheimsvegen 1262, 5943 Austrheim

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM....

Eit møte med påskebodskapen
i tonar, bilete og ord.



Austrheim kyrkje
PALMESØNDAG
29.mars kl.19.30
Kyrkjekaffi
VELKOMMEN